



## Møteprotokoll

---

**Utval:** Ulstein kontrollutval  
**Møtestad:** Nedre Dragsund 2, 6080 Gurskøy - SSIKT sine lokale  
**Dato:** 04.02.2025  
**Tid:** kl 12:00 - 15:00

---

<b>Fremmøtte</b>	<b>Parti</b>
Ivar Kåre Mork	AP
Roger Gjerde	FrP
Hilde Marie Brungot	H
Arve Eldar Flø	K
Gerd Bang Brevik	KrF

<b>Andre som møtte</b>	
Ane Malene Søvik Nygård	Dagleg leiar
Gunnar Wiik	Revisjon
Halldis Moltu	Oppdragsansvarleg revisor
Ida Myklebust	Rådgjevar

### Møtenotat:

Møtet starta med ei felles orientering frå SSIKT saman med Hareid kontrollutval kl 12:00 - 13:25.

SSIKT v/leiar for driftsavdelinga Odd Arild Djupvik deltok under den felles orienteringa.

Kommunalsjef teknisk og fungerande leiar for eigedomsavdelinga, Arne Runar Vik, orienterte i sak OS 02/25.

Møte slutt 15:08.

Ivar Kåre Mork  
Leiar i kontrollutvalet

Ida Myklebust  
Rådgjevar

## Sakliste

<b>Saksnr</b>	<b>Sakstittel</b>
PS01/25	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS02/25	Referatsaker
RS01/25	Melding om vedtak: Forvaltningsrevisjon: prosjektrapport sakshandsaming/etterleving av gjeldande rutiner og prosedyrer
RS02/25	Referatsak til kontrollutvalet i Ulstein
PS03/25	Orienteringar
OS01/25	Orienteringsbesøk Søre Sunnmøre IKT
OS02/25	Orientering om sak - lokale til driftsavdeling UEKF
PS04/25	Forvaltningsrevisjon - godkjenning av prosjektplan
PS05/25	Forenkla etterlevingskontroll 2024 - risikovurdering
PS06/25	Årsmelding 2024 - Ulstein kontrollutval
PS07/25	Årsplan 2025 for Ulstein kontrollutval
PS08/25	Gjennomgang av møteprotokollar
PS09/25	Vedtaksoppfølging
PS10/25	Godkjenning av protokoll

Ulsteinvik, 05.02.2025

## PS 01/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

### **Handsaming:**

### **Vest kontroll si tilråding:**

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

## PS 02/25 Referatsaker

### **Underliggende sak:**

<b>Saksnr.</b>	<b>Tittel</b>
01/25	Melding om vedtak: Forvaltningsrevisjon: prosjektrapport sakshandsaming/etterleving av gjeldande rutiner og prosedyrer
02/25	Referatsak til kontrollutvalet i Ulstein

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tek referatsaka til vitende.

### **Handsaming:**

### **Vest kontroll si tilråding:**

Kontrollutvalet tek referatsaka til vitende.

## PS 03/25 Orienteringar

### **Underliggende sak:**

<b>Saksnr.</b>	<b>Tittel</b>
01/25	Orienteringsbesøk Søre Sunnmøre IKT
02/25	Orientering om sak - lokale til driftsavdeling UEKF

**Vedtak:**

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende, og vil kommunisere fylgjande merknadar til kommunestyret:

- Kontrollutvalet har drøfta forhold knytt til det praktiske rundt anskaffelsesprosessen og kommunikasjonen rundt forhandlingane. Det vart stilt spørsmål om kommunens etiske reglement og god forvaltningsskikk er fulgt, - der kontrollutvalet særskilt siktar til at det valgte tilbudet var kome inn to dagar etter at svarfristen var ute og at dåverande styreleiar i UEKF var denne tilbydaren. Kontrollutvalet vurderer det slik at dette tilbudet burde vore avvist.
- Det vert og vist til mangelfulle anbudsdokument og journalføring, slik at prosessen er utfordrande å ettergå.
- Kontrollutvalet merkar seg at anskaffinga ikkje er omfatta av lov om offentlige anskaffelser eller forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) då det dreier seg om leige av fast eigedom, jf. FOA § 2-4 bokstav a. Kontrollutvalet vil likevel oppmode om at slike prosessar i framtida vert gjennomført i samsvar med dei grunnleggande prinsippa for anskaffingar etter anskaffelseslova § 4, som vil sikre *konkurransen, likebehandling, føreseielegheit, etterprøvbarheit og forholdsmessigheit*, og for ettertida også sikrar at habilitetsspørsmål er tydeleg vurderte og dokumenterte for å sikre at der er tillit til dei avgjerslene som vert fatta.

**Handsaming:**OS 01/25 Orienteringsbesøk Søre Sunnmøre IKT

Før møtet starta var det ei felles orientering frå Søre Sunnmøre IKT v/leiar for driftsavdelinga Odd Arild Djupvik. Orienteringa var gitt saman med Hareid kontrollutval og omhandla historikken til IKT-samarbeidet på søre Sunnmøre, digitalisering, utvikling, drifta av tenestene og datatryggleik.

Presentasjonane vil bli meldt opp som referatsak i påfølgande møte i kontrollutvalet.

Orienteringa vart teke til vitende.

OS 02/25 Orientering om sak – lokale til driftsavdeling UEKF

Kommunalsjef teknisk og fungerande leiar for eigedomsavdelinga, Arne Runar Vik, gav kontrollutvalet ei orientering i saka om leige av lokale til driftsavdelinga i UEKF, og svara på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det var ei drøfting knytt til dei praktiske forholda rundt anskaffelsesprosessen og kommunikasjonen rundt forhandlingane. Det vart stilt spørsmål om kommunens etiske reglement og god forvaltningsskikk er fulgt, - der kontrollutvalet særskilt siktar til at det valgte tilbudet var kome inn to dagar etter at svarfristen var ute og at dåverande styreleiar i UEKF var denne tilbydaren. Kontrollutvalet vurderer det slik at dette tilbudet burde vore avvist.

Det vert og vist til mangelfulle anbodsdokument og journalføring, slik at prosessen er utfordrande å ettergå.

Kontrollutvalet merkar seg at anskaffinga ikkje er omfatta av lov om offentlige anskaffelser eller forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) då det dreier seg om leige av fast eigedom, jf. FOA § 2-4 bokstav a.

Kontrollutvalet vil likevel oppmode om at slike prosessar i framtida vert gjennomført i samsvar med dei grunnleggande prinsippa for anskaffingar etter anskaffelseslova § 4, som vil sikre *konkurranse, likebehandling, føreseielegheit, etterprøvbarheit og forholdsmessigheit*, og for ettertida også sikrar at habilitetsspørsmål er tydeleg vurderte og dokumenterte for å sikre at der er tillit til dei avgjerslene som vert fatta.

### **Felles framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende, og vil kommunisere fylgjande merknadar til kommunestyret:

- Kontrollutvalet har drøfta forhold knytt til det praktiske rundt anskaffelsesprosessen og kommunikasjonen rundt forhandlingane. Det vart stilt spørsmål om kommunens etiske reglement og god forvaltningsskikk er fulgt, - der kontrollutvalet særskilt siktar til at det valgte tilbudet var kome inn to dagar etter at svarfristen var ute og at dåverande styreleiar i UEKF var denne tilbydaren. Kontrollutvalet vurderer det slik at dette tilbudet burde vore avvist.
- Det vert og vist til mangelfulle anbodsdokument og journalføring, slik at prosessen er utfordrande å ettergå.
- Kontrollutvalet merkar seg at anskaffinga ikkje er omfatta av lov om offentlige anskaffelser eller forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) då det dreier seg om leige av fast eigedom, jf. FOA § 2-4 bokstav a.  
Kontrollutvalet vil likevel oppmode om at slike prosessar i framtida vert gjennomført i samsvar med dei grunnleggande prinsippa for anskaffingar etter anskaffelseslova § 4, som vil sikre *konkurranse, likebehandling, føreseielegheit, etterprøvbarheit og forholdsmessigheit*, og for ettertida også sikrar at habilitetsspørsmål er tydeleg vurderte og dokumenterte for å sikre at der er tillit til dei avgjerslene som vert fatta.

### **Vest kontroll si tilråding:**

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

## PS 04/25 Forvaltningsrevisjon - godkjenning av prosjektplan

### **Vedtak:**

1. Kontrollutvalet ber Søre Sunnmøre kommunerevisjon utarbeide forvaltningsprosjektet "Oppvekst - mobbing, rettar og dimensjonering", i samsvar med prosjektplan datert 13.01.2025.
2. Kontrollutvalet ber om at prosjektrapporten ligg føre slik at den kan handsamast i kontrollutvalet og kommunestyret første kvartal 2026.

### **Handsaming:**

Søre Sunnmøre kommunerevisjon v/Gunnar Wiik orienterte om problemstillingane for det komande forvaltningsprosjektet. Kontrollutvalet drøfta problemstillingane med revisjonen og peika på alvoret av det valgte området for denne forvaltningsrevisjonen.

### **Vest kontroll si tilråding:**

1. Kontrollutvalet ber Søre Sunnmøre kommunerevisjon utarbeide forvaltningsprosjektet "Oppvekst - mobbing, rettar og dimensjonering", i samsvar med prosjektplan datert 13.01.2025.
2. Kontrollutvalet ber om at prosjektrapporten ligg føre slik at den kan handsamast i kontrollutvalet og kommunestyret første kvartal 2026.

## PS 05/25 Forenkla etterlevingskontroll 2024 - risikovurdering

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tek revisjonen si risikovurdering vedkomande forenkla etterlevingskontroll for 2024 til vitende.

### **Handsaming:**

Søre Sunnmøre kommunerevisjon v/Halldis Moltu orienterte om den planlagte etterlevingskontrollen for 2024.

### **Vest kontroll si tilråding:**

Kontrollutvalet tek revisjonen si risikovurdering vedkomande forenkla etterlevingskontroll for 2024 til vitende.

## PS 06/25 Årsmelding 2024 - Ulstein kontrollutval

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet sender saka over til kommunestyret med fylgjande framlegg til vedtak:  
Kommunestyret godkjenner årsmelding 2024 for kontrollutvalet.

### **Handsaming:**

### **Vest kontroll si tilråding:**

Kontrollutvalet sender saka over til kommunestyret med fylgjande framlegg til vedtak:  
Kommunestyret godkjenner årsmelding 2024 for kontrollutvalet.

## PS 07/25 Årsplan 2025 for Ulstein kontrollutval

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet sender saka over til kommunestyret med fylgjande framlegg til vedtak:  
Kommunestyret godkjenner årsplan 2025 for kontrollutvalet.

### **Handsaming:**

Kontrollutvalet drøfta utkastet til møteplan for 2025.

### **Vest kontroll si tilråding:**

Kontrollutvalet sender saka over til kommunestyret med fylgjande framlegg til vedtak:  
Kommunestyret godkjenner årsplan 2025 for kontrollutvalet.

## PS 08/25 Gjennomgang av møteprotokollar

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til møteprotokollane som er gjennomgått.

### **Handsaming:**

### **Vest kontroll si tilråding:**

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til møteprotokollane som er gjennomgått.

## PS 09/25 Vedtaksoppfølging

**Vedtak:**

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

**Handsaming:**

Vest kontroll v/Ida Myklebust gjekk igjennom vedtaksoppfølginga.

**Vest kontroll si tilråding:**

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

## PS 10/25 Godkjenning av protokoll

**Vedtak:**

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 04.02.2025.

**Handsaming:**

Møteprotokollen vart gått igjennom i møtet.

**Vest kontroll si tilråding:**

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 04.02.2025.